




Sigurd med diplomen. No held han til nede ved brua.

Sigurd Myklebust har fylt 74 men ingen kan tru det er sant, for denne bilbransjens heidersmann i Uskedalen verkar like sprek. Han held koken til dei grader at hans einmannsfirma no har fått toppnotering av Kredittfakta 3 år på rad. Av det gullinnramma diplommet som følger med går det fram at dette provar truverda til firmaet og anerkjenning for måten det har forvalta verdiane på i det siste året.



Diplomet vert delt ut til seriøse verksemder som har innfridd kriteriane økonomi, firmastruktur og bransjesamanlikning.

Totalrating A3 er toppkarakter

uskedalen.no spør Sigurd korleis han tolkar diplomet og eit liknande diplom han fekk av Lindorff i 2011 og som også galdt for 3 år. Svaret lyder slik:

- Eg tolkar dei som ei understreking av det eg alltid har lagt vekt på i det som har vore jobben min. Det er å gjera det beste utav det og hjelpa folk så langt eg kan utan alltid å ta betaling. Eg har freista å vera pliktoppfyllande og betala rekningane i tide. Dette er noko eg ikkje minst har fått innprenta gjennom Rotary.

Så har jeg også mellom anna lagt vekt på å hjelpa ungdom slik at dei kjem på rett hylle i arbeidslivet og då ikkje nødvendigvis i bransjen som eg har satsa på for min del, seier Sigurd.

Den tenesteviljuge karen er alltid raskt på pletten som problemløysar. Han har heller ikkje lete seg dupera av nedturar i bransjen, men møtt motgang med friskt mot.

I 1998 selde han Auto 88 men beholdt hallen for understellsbehandling og sidan har han stått for redningstenesta i distriktet, dreve med utleige av bilar og sal av Tysse tilhengjarar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen